

## MØTEINNKALLING

### KONTROLLUTVALET I LESJA KOMMUNE

| Møtedato             | Tid             | Møtestad          |
|----------------------|-----------------|-------------------|
| Mandag 10. mars 2025 | Kl. 09.00-13.00 | Kommunestyresalen |

Medlemmer blir med dette innkalla: Elin Randi Johnson (leiar), Anders Norderhus (nestleiar), Rune Møller, Per Holseth, Torild Visnes Leirmo.

Varamedlemmer møter berre etter nærare varsel:

Elin Kveum, Stian Lotten, Ola Erik Myren, Jesper Hole, Ola Sylte Einbu.

Evt. forfall må varslast snarast til sekretariatet. Forfall må grunngjevast.

#### Sakliste

|           |                                       |
|-----------|---------------------------------------|
|           | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| Sak 11/25 | Protokoll og referatsaker             |
| Sak 12/25 | Rutine for verksemdsbesøk             |
| Sak 13/25 | Orienteringar                         |
| Sak 14/25 | Planlegging av verksemdsbesøk         |

#### Tilleggsinformasjon

- \* Dialogmøte med ordførar og kommunedirektør kl. 10.00.
- \* Det blir kaffe/te og enkel formiddagsmat.

Otta, 3. mars 2025

Elin Marit Andgard (sign.)

SKNG

# SAKSFRAMLEGG

|                  |                    |                 |                          |
|------------------|--------------------|-----------------|--------------------------|
| <b>Møtedato:</b> | <b>Journalnr.:</b> | <b>Saksnr.:</b> | <b>Saksbehandlar:</b>    |
| 10.3.2025        | 79/2025            | 11/25 - 14/25   | Elin Marit Andgard, SKNG |

## Sak 11/25 Protokoll og referatsaker

### Protokoll 5. februar 2025

Møteprotokoll var sendt ut 3.3.25.

### Referatsaker

- \* Kommunestyrets vedtak 20.2.25 - kontrollutvalets tilråding av tiltak (KU-sak 31/24).
- \* Status foranalyse

### Eventuelt og "ope post"

- Forberedelse dialogmøte

### Forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 5. februar 2025 er godkjent.  
Referatsaker er teke til orientering.

## Sak 12/25 Rutine for verksemdsbesøk

### Vedlegg

- Rutine for verksemdsbesøk

### Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i sak 10/25 å be sekretariatet legge fram forslag til retningslinjer for verksemdsbesøk.

### Fakta

Verksemdsbesøk er eit av fleire måter som kontrollutvalet kan føre kontroll på.  
Kontrollutvalsboka omtalar på side 32-22 besøk i kommunale verksemder, foretak og selskap, og tilrår at kontrollutval utarbeider prosedyre for slike besøk.

### Forslag til tiltak

Kontrollutvalet vedtek framlagt forslag til rutine for verksemdsbesøk.

## **Sak 13/25 Orienteringar**

### **Bakgrunn**

Orienteringar er eit av kontrollutvalets verktøy for å føre kontroll med kommunen. Gjennom orienteringar blir utvalet kjent med kommunens verksemd og kan på bakgrunn av desse vurdere om det er behov for oppfølging.

Det er viktig at kontrollutvalet følgjer med på tilsyn fra andre instanser, m.a. skal forvaltningsrevisjonar og tilsyn koordinerast.

### **Fakta**

Det er bede om at kommuneadministrasjonen orienterer om følgjande tema:

- Tilsyn Skoglund 27.1.25
- Rutiner for journalføring av dokumenter vedr tilsyn og vurdering av lovheimel for å unnta dei offentlegheit

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringane til etterretning.

## **Sak 14/25 Planlegging av verksemdsbesøk**

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet har vedtatt å besøke Lesjaskog friluftsbarnehage. Rutine for slike besøk er vedtatt i sak 12/25.

### **Handsaming**

Kontrollutvalet drøftar om det er bestemte tema det ynskjer å ha fokus på, kven utvalet ynskjer å møte, ynskje om tilsendte dokument i forkant osv.